
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: onsdag 3. april 2019 15:51
Til: 'Lyder Konrad Leithaug'
Emne: SV: SV: Søknader om å sette ut midlertidige sjåførtoaletter i Radøy, Meland, Lindås og Masfjorden

Hei

Ok. Alt over 2 år vert rekna for permanent etter plan- og bygningslova og ifht søknadsprosess. Men de kan sjølvsagt fint søkje om eit midlertidig tiltak i inntil 10 år. Søknaden vert berre handsama som ein permanent bygning.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Lyder Konrad Leithaug [<mailto:Lyder.Konrad.Leithaug@hfk.no>]
Sendt: onsdag 3. april 2019 15:39
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: SV: Søknader om å sette ut midlertidige sjåførtoaletter i Radøy, Meland, Lindås og Masfjorden

Hei. Takk for info. Vi ser på muligheter. Men dette er midlertidig uansett. Mvh Lyder Leithaug

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Marianne Aadland Sandvik <marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>
Dato: 03.04.2019 09:17 (GMT+00:00)
Til: Lyder Konrad Leithaug <Lyder.Konrad.Leithaug@hfk.no>
Emne: SV: Søknader om å sette ut midlertidige sjåførtoaletter i Radøy, Meland, Lindås og Masfjorden

Hei Lyder

Plassering som skissert krev søknad om løyve etter plan- og bygningslova, jf. pbl §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav a). Så lenge det ikkje er tale om tilkopling til kommunalt VA vurderer vi det slik at de kan søkje sjølv, utan bruk av ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-4 bokstav e). Søknaden må nabovarslast.

Plassering ved Skjellanger, som vist på kartet, kjem i konflikt med byggeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8. Skal den plasserast der vil dette krevje dispensasjon få byggegrensa, jf. pbl § 19-2, eller mellombels dispensasjon, jf. pbl § 19-3.

Ein søknad om løyve til plassering kan vi handsame innanfor om lag 6 veker. Krev plasseringa dispensasjon må vi sende søknaden på høyring og den må til politisk handsaming. Viss dispensasjon vert nabovarsla innan fredag 12. april kan vi rekke handsaming ved politisk møte den 11. juni. Viss ikkje må det bli møte over sommaren. Er det mogleg å vurdere ei alternativ plassering som ikkje kjem i konflikt med byggeforbodet i strandsona?

I tillegg krev plassering nærare fylkesvegen enn 50 meter dispensasjon frå Statens vegvesen. Dette må avklarast før de søkjer til kommunen. De må også ha avtale med Meland kommune om plassering på gbnr. 9/165.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Lyder Konrad Leithaug [<mailto:Lyder.Konrad.Leithaug@hfk.no>]

Sendt: onsdag 27. mars 2019 10:11

Til: Postmottak Meland

Kopi: Anny Bastesen

Emne: VS: Søknader om å sette ut midlertidige sjåførtoaletter i Radøy, Meland, Lindås og Masfjorden

Meland kommune,
Avdeling for byggesaker

Søknaden gjeld plassering to vogner med vask og toalett i Meland kommune.

Legg ved kart som viser plassering av de ulike vognene.

Legg ved bilde av tilsvarende vogn som er utlassert.

Disse er flyttbare som en tilhenger, måler 3,6m x 2,3m, tilkoblet strøm, inneholder 2 stk. 1000 liters tanker som fylles og tømmes vha. septikbil.

Grunna lengden på avtalen med dei som leverer busstenester i kommunen, er det snakk om en tidsperiode på opp til 10 år.

Kontrakten med busselskapet varer ni år, med mulighet til forlengelse. Vi kan på kort varsel flytta denne vogna, då den berre er tilkobla straum. Ein tank inneheld reint vatn, og den andre tanken er spillvatn som vi tømmer etter behov, med same bil som kjem med vatn og fyller på tanken for reint vatn. Det er soleis ingen utslipp av noko slag frå denne vogna.

Kommunen kan i sitt løyve soleis ta atterhald om at vogna skal kunne flyttast på tre vekers varsel, om det er trong for annan bruk av området.

Lokasjon 1: Meland, Gnr/Bnr 55/60, Ligger ved fylkesvei, eier HFK

Lokasjon 2: Meland, Gnr/Bnr 9/165, Ligger ved fylkesvei, eier Meland kommune

Da er spørsmålet om dette trengs søkes om eller ikke. Saka hastar litt, då vi gjerne vil betre tilhøve for bussjåførane våre.

Eg er å treffe på telefon. Ha ein fin dag.

Mvh

Lyder Leithaug
Overingeniør
Eigedomsavdelinga



tlf 92013472

Epost: lyder.konrad.leithaug@hfk.no